

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Datot: 18.06.2007
 Sakshandsamar: Terje Arne Krokvik
 Saka gjeld: **Revidert budsjett 2007 – justert resultatkrav 2007**

Styresak 060/07 B

Styremøte 27.06. 2007

1. Bakgrunn

Under sak 005/07 B Konsernbudsjett 2007 fordelte styret i Helse Vest den endelege inntektsramma for 2007 til helseføretaka. I inntektsfordelinga var forslag til ekstraløyving på kr 100 mill innarbeida og fordelt til HF'a og private ideelle. Det var i saka tatt atterhald for Stortinget sin godkjenning. I tilleggskdokument etter Stortingets behandling av St. prp. 44 (2006-2007) er det vedtatt ei ekstraløyving på totalt kr 108,6 mill. Det auka beløpet på kr 8,6 mill skal rettast inn mot tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk.

Den 14. mai 2007 blei revidert nasjonalbudsjett 2007 – St. prp. Nr. 69 lagt fram. Det er her ikkje gjort nokon fordeling av midlar til Helse Vest, men vi vil gi ein kort utgreiing av prioriteringar som vert lagt fram i revidert nasjonalbudsjett.

Administrerende direktør vil legge fram forslag om justering av resultatkrav for 2007 for Helse Stavanger HF og Helse Førde HF. Det blir gjort ei nærare utgreiing seinare i saka.

Avslutningsvis vil administrerende direktør gjøre reie for dei omdisponeringar som er gjort i RHF budsjettet samt omfordeling av lånemidlar gitt til Apoteka Vest i 2005.

2. Ekstraløyving – St. prp. Nr. 44 (2006-2007)

Stortinget har vedtatt å auke løyvingane med totalt kr 646 mill. Av dette skal kr 600 mill lette den vanskelege økonomiske situasjonen i dei regionale helseføretaka. I tillegg har Stortinget vedtatt å auke løyvinga til tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk der kr 40 mill skal sikre god tilgjengelegheit og kapasitet i det samla behandlingstilbodet til rusmisbrukarar. Vidare er det løyva kr 10 mill for å redusere venteliste til legemiddelassistert rehabilitering der kr 6 mill blir lagt inn i basisramma medan dei resterande 4 mill blir lagt inn i poliklinikk samt andre postar i statsbudsjettet.

For Helse Vest inneber dette ei samla tilleggsløyvinga på totalt kr 108,6 mill. Helse Vest har under sak om konsernbudsjett 2007 allereie innarbeida og fordelt tilleggsløyving på kr 100 mill. Forskjellen som utgjør kr 8,6 mill er retta inn mot rusområdet. Beløpet fordeler seg på følgjande poster:

- | | |
|--|--------------------|
| • Tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk | kr 7,5 mill |
| • LAR (legemiddelassistert rehabilitering) | <u>kr 1,1 mill</u> |
| Totalt | <u>kr 8,6 mill</u> |

Bestillinga for 2007 til rusinstitusjonane vart slutført i vår. Som følgje av auka tenestebehov var det nødvendig å styrke budsjettet med om lag kr 2,2 mill ut over ordinær prisjustering. Administrerende direktør vil her tilrå at styrkinga av bestillinga må dekkast innafor tilleggsløyvinga på kr 8,6 mill. Dette gjer Helse Vest kr 6,4 mill i nye midlar for å styrke budsjettet for 2007. Administrerende direktør vil tilrå at midlande blir fordelt til dei områda innafor rusfeltet der behovet er størst og at fordelinga blir gjort administrativt.

3. Revidert nasjonalbudsjett 2007 – St. prp. Nr. 69

Regjeringa la den 14. mai 2007 fram forslag til revidert nasjonalbudsjett. Det vert her lagt opp til å styrke tenestetilbodet til barn og unge samt opprette eit kompetansenettverk for pasientar med ME. Det er ikkje gjort

nokon fordeling av midlar til dei respektive RHF'ar. Det vil her bli gitt ei kort oppsummering på nasjonalt nivå om dei tiltak som er prioritert gjennom RNB.

3.1 Innsatsstyrt finansiering

Indeksanalyser for heile 2006 tilseier at omfang av endra registreringspraksis er i tråd med føresetnaden som blei lagt for fastsetting av DRG prisen for 2006. Helse- og Omsorgsdepartementet vil komme tilbake til endeleg avrekningsoppgjer for 2006 i omgrupperingsproposisjonen hausten 2007.

Statsbudsjettet for 2007 legg til rette for å vidareføre eit gjennomsnittleg aktivitetsnivå som er om lag 0,5 % høgare enn 2006. ISF prisen er på vanleg måte fastsett slik at det ikkje blir betalt refusjon for endra registreringspraksis av reelt sett same aktivitet. Eventuelle avvik frå føresetnaden vil bli korrigert i endeleg avrekningsoppgjør som blir gjennomført i 2008.

3.2 Tilskot til helse- og rehabiliteringstenesta for sjukemelde

Det er innført ei ordning med helse- og rehabiliteringstenester for å bringe personar som mottar sjukepengar raskare tilbake til arbeidslivet. Det blei i St. prp. nr 1 tillegg nr. 4 løyva totalt kr 604 mill til ordninga. Helse- og omsorgsdepartementet foreslår at kr 439 mill blir fordelt til dei regionale helseføretaka.

Følgjande midlar er tildelt Helse Vest RHF:

• Opphavleg tildeling i oppdragsdokumentet	69,564 mill
• Tildeling av gråsonemidlar (tillegg i mai -07)	<u>12,102 mill</u>
Sum	<u>81,666 mill</u>

Det er oppretta mottakseiningar ved alle HF'ar i regionen samt ved Haraldsplass. Etter kvart byrjar helseføretaka å få ein oversikt over behovet og kapasiteten. Talet på innmeldte pasientar i ordninga er aukande. Midlane som er gitt kan overførast til neste års budsjett. Dersom det er andre regionar som melder inn behov for ekstra midlar i inneverande år er det likevel slik at desse regionane kan få ubrukte midlar frå andre regionar. Så langt er likevel Helse Vest den regionen som har kome lengst i å ta i bruk ordninga.

3.3 Ventetidsgaranti for barn og unge

Regjeringa foreslår å løyve kr 7 mill til styrking av tenestetilbodet til barn og unge under 23 år med psykiske lidingar eller rusmiddelavhengige. Garantien er planlagt satt i verk frå 2008. Frist for vurdering er satt til 10 dagar, og ingen skal vente meir enn 90 dagar på behandling. Det vil bli satt i verk nødvendige prosjekt for å forberede innføring av ventetidsgarantiordninga.

3.4 Kompetansenettverk om ME

Regjeringa foreslår å løyve kr 5 mill for å styrke helsetilbodet til pasientar med myalgisk encefalopati (ME) eller kronisk trøttheitssyndrom. Midlane skal nyttast til:

- Informasjon om ME på internett og i andre kanalar
- Eit nasjonalt kompetansenettverk beståande av eksisterande fagmiljø
- Nettverket skal drive med forskning og følgje internasjonal fagutveksling

3.5 Barnas Hus

Det blir satt av inntil kr 4 mill som bidrag til etablering av Barnas Hus i Bergen og Hamar. Barnas hus skal være eit senter for mottak, behandling og oppfølging av barn som har vært utsett for seksuelle overgrep, trakassering, mishandling, vald eller vitne til vald og misshandling. Justisdepartementet har ansvar for tiltaket, i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og Barne- og likestillingsdepartementet.

4. Justering av resultatkrav

4.1 Helse Stavanger

Dei administrerande direktørane i helseregion Vest behandla i møte den 7/5-07 sak om langliggjarar¹ i inntektsmodellen til Helse Vest. Det er på det reine at grunndata som er lagt inn i modellen ikkje inkluderer langliggjarar ved rehabiliteringseininga til Helse Stavanger. Det er konkludert med at avgjera om bruken av langliggjarar i kostnadskomponenten er fatta på feil grunnlag, men at ein ikkje gjer endringar i kostnadskomponenten i år. I staden vil det blir tatt ein samla gjennomgang av Helse Vest sin inntektsmodell sett i

¹ Langliggjarar er den pasientgruppa som har eit langtidsopphald som større enn trimpunktet i DRG systemet. Trimpunktet er det høgaste opphaldsdøgn som ordinært blir finansiert gjennom DRG systemet.

lys av resultatet av det nasjonale arbeidet med ny inntektsmodell for spesialisthelsetenesta der konklusjonane er venta å liggja føre i desember. Eventuelle endringar i inntektsfordelinga mellom regionane vil såleis truleg bli fremja i statsbudsjett 2009. Ein ny gjennomgang inntektsmodellen i Helse Vest må difor eventuelt skje i 2009. I påvente av ein samla gjennomgang av modellen får Helse Stavanger ei lette i resultatkravet på kr 9 mill. I budsjettet for 2008 vil dette bli gjort om til eit tilskot i basisramma på kr 9 mill.

4.2 Helse Førde

Helse Førde har i sin omstillingspakke innarbeida tiltak knytt til Nærskjehuset i Florø med kr 7,5 mill med verknad frå juni og ut året. Det er pr. i dag ikkje mulig å gjennomføre desse tiltaka og det er derfor heller ikkje satt i gang nokon prosess for realisering av tiltaka. Ut frå ei samla vurdering av situasjonen i Helse Førde vil ein legge opp til at føretaket får ei lette i resultatkravet på kr 8 mill for 2007.

Administrerende direktør vil med basis i desse forholda foreslå at det gis ei lette i resultatkravet til Helse Stavanger og Helse Førde på til saman kr 17 mill og at det samtidig bli gjort ei tilsvarande skjerping av resultatkravet i RHF'et. Auka resultatkrav i RHF'et blir løyst med at reserveposten blir redusert frå kr 124 mill til kr 107 mill. Dette vil gje følgjande resultatkrav i konsernet:

Resultatkrav	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	Apoteka Vest	Helse Vest IKT	SUM
Opphøveleg resultatkrav	-51 000	-38 000	-153 000	-38 000	-24 000	4 387	233	-299 380
Endring resultatkrav	-9 000			-8 000	17 000			0
Nytt resultatkrav	-60 000	-38 000	-153 000	-46 000	-7 000	4 387	233	-299 380

5. Omdisponering av budsjettposter i RHF budsjettet

5.1 Uttrekk av midlar frå Jæren DPS til Sola DPS/Helse Stavanger

I samband med oppstart av Sola DPS (opptrappingsprosjekt) vil ein del av pasientgrunnlaget som tidlegare tilhørde Jæren DPS sitt opptaksområde no bli overført til Sola DPS/Helse Stavanger. Dette har og ei budsjettmessig konsekvens for fordeling av inntektsramma til dei to føretaka. Det har vore gjennomført drøftingar med Jæren DPS og med basis i berekningar som her er gjort blir det gjennomført eit uttrek av ramma til Jæren DPS med totalt kr 7,9 mill. Midlane blir overført til Helse Stavanger for å drifte det nye Sola DPS. Det blir her vist til vedlagt oppdatert inntektsramme 2007.

5.2 Rusomsorg

Det blir her vist til kap. 1 som omhandlar tilleggsløyving (St. prp. 44). Administrerende direktør legg opp til at auka løyving på kr 8,6 mill blir nytta som følgjer:

- Styrking av bestillinga for 2007 kr 2,2 mill
- Disponering av tilleggsløyving ved administrerende direktør kr 6,4 mill
- Sum tilleggsløyving kr 8,6 mill

Administrerende direktør vil ut frå ei samla vurdering av behova innafor rusfeltet foreta ei disponering og fordeling av kr 6,4 mill til rustiltak. Dersom styret sluttar seg til at administrerende direktør får denne fullmakta, vil styret få oversendt eit notat som viser fordelinga av dei kr 6,4 mill.

5.3 Private ideelle

Helse Vest har saman med dei private ideelle gjennomført drøfting av bestilling og budsjetttramme for 2007. Drøftingane har og i år vore krevjande og det er særleg tilskot til handtering av kapital samt dekning av pensjonskostnad som har vore krevjande.

I samband med bestillinga for 2007 har Helse Vest auka tilskot til kapital med kr. 2 mill til dei private ideelle. Denne auken må finansierast gjennom omdisponering av budsjettmidlar i RHF'et. Under sak 005/07 B var det allereie tatt omsyn til at dei private ideelle fekk sin del av inntektsauken som følgje av nytt inntektssystem samt ekstraløyving under St. prp. nr 44. Administrerende direktør meiner derfor at dei private ideelle har fått eit godt oppgjær for 2007.

Dei budsjettmessige omdisponeringane blir då som følgjer:

Samla budsjettamme private ideelle sak 005/07 B	kr	895,8 mill
Auka kapitaltilskot *)	kr	2,0 mill
Uttrekk frå Jæren DPS til Sola DPS	kr	- 7,9 mill
Samla budsjett private ideelle	kr	889,9 mill

*) Auka kapitaltilskot blir finansiert gjennom tilsvarande reduksjon av budsjettposten "kjøp av helsetenester". Denne blir redusert frå kr 20 mill til kr 18 mill.

Dei private ideelle sin del av ekstraløyving på kr 100 mill vart fordelt i sak 005/07 B og inngår i det samla budsjettet på kr 889,9 mill.

Med utgangspunkt i dei omdisponeringar som her er foreslått blir inntektsramma og budsjettet i RHF'et endra som følgjer:

Inntektsfordelig 2007	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM inntektsramme (sak 005/07 B)	3 074 709	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 252	13 477 601
						0
Uttrekk Jæren DPS til Sola DPS	7 899				-7 899	0
Ekstraløyving - tverrfaglete spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk					8 600	8 600
Auka kapitaltilskot private ideelle					2 000	2 000
Reduksjon budsjettpost "kjøp av helsetenester"					-2 000	-2 000
Reduksjon av reserve					-17 000	-17 000
Auka resultat i RHF'et					17 000	17 000
Sum endringar	7 899	0	0	0	701	8 600
Sum oppdatert inntektsramme 2007	3 082 608	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 953	13 486 201

Oppdatert inntektsfordeling følgjer vedlagt denne saka.

6. Lån til investeringar - omdisponering

Under sak 006/07 B blei sak om Investeringar - styring, prioritering og fastsetting av investeringsramme og lånebehov for 2007 behandla. Det vart i denne saka fastsett kva prosjekt som skulle prioriterast i forhold til søknad om lån. Dette gjaldt følgjande prosjekt:

Lån 2007	Stavanger	Fonna	Bergen	Førde	SUM
MOBA	50 000				50 000
BUPA (egen sak)	100 000				100 000
Ferdigstilling av bygningsmessig arbeid og renovering Stord		35 000			35 000
Lab bygget Helse Bergen			140 000		140 000
Parkbygg			57 000		57 000
Sandviken			40 000		40 000
Hudbygg			10 000		10 000
Nordås og DPS Khronsminde			23 000		23 000
Kjøkkenprosjekt				18 000	18 000
Sluttfinansiering Påbygg 2000				6 000	6 000
Sum lånefinansiert investering	150 000	35 000	270 000	24 000	479 000

Helse Vest har i brev datert 03.05.2007 frå HOD fått godkjend lånesøknaden på totalt kr 479 mill. Beløpet vil bli utbetalt HF'a etter ein nærare fastsett utbetalingsplan.

I oppfølgingsmøte med Helse- og Omsorgsdepartementet er det presisert at avdrag på lån til investeringar skal betalast gjennom helseføretaka sin eigen likviditet. Dette inneber at investeringsramma må reduserast tilsvarande det beløp som skal betalast i avdrag på lån til investeringar i 2007. Nedbetaling på lån til investeringar utgjer i 2007 om lag kr 53 mill. HOD si presisering er tatt inn i protokoll frå føretaksmøtet i mai. Helse Vest har i brev av

6/6-2007 bedt helseføretaka om å gjere ei vurdering av investeringsplanen for 2007, og ut frå framdrifta på dei enkelte prosjekta vurdere om nokon av desse kan strekkast ut i tid. Helse Vest vil med bakgrunn i denne tilbagemeldinga vurdere om det er nødvendig å sette inn ekstra tiltak for å ta ned investeringane.

Apoteka Vest fekk i 2005 tildelt eit byggjelån på til saman kr 15,2 mill. I 2006 har to ombyggingsprosjekt blitt ferdigstilt kor ein har nytta kr 6,780 mill i lånemidlar. Apoteka Vest har no vurdert å ikkje ha behov for resterande lånesum på kr 8,420 mill og har bedt om at få tilbakebetale beløpet til Helse Vest.

Administrerende direktør vil foreslå at beløpet blir omprioritert og nytta til finansiering av Lab bygget i Helse Bergen. Dette vil redusere lånebehovet til Lab bygget i 2008 med tilsvarende beløp.

Forslag til vedtak

1. Styret tar orientering om revidert nasjonalbudsjett til etterretning
2. Styret sluttar seg til forslag om omdisponering av budsjettmidlar som følgjer:

Inntektsfordelig 2007	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
SUM inntektsramme (sak 005/07 B)	3 074 709	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 252	13 477 601
Uttrekk Jæren DPS til Sola DPS	7 899				-7 899	0
Ekstraløyving - tverrfaglete spesialisert behandling for rusmiddelmisbruk					8 600	8 600
Auka kapitaltilskot private ideelle					2 000	2 000
Reduksjon budsjettpost "kjøp av helsetenester"					-2 000	-2 000
Reduksjon av reserve					-17 000	-17 000
Auka resultat i RHF'et					17 000	17 000
Sum endringar	7 899	0	0	0	701	8 600
Sum oppdatert inntektsramme 2007	3 082 608	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 953	13 486 201

3. Nytt resultatkravet for 2007 blir som følgjer:

	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	Apoteka Vest	Helse Vest IKT	SUM
Resultatkrav	-60 000	-38 000	-153 000	-46 000	-7 000	4 387	233	-299 380

4. Styret sluttar seg til forslag om å omdisponere låneramma frå Apoteka Vest til prosjektet nytt lab bygg i Helse Bergen med totalt kr 8,420 mill. Beløpet reduserer lånebehovet i 2008 tilsvarende.

Inntektsfordeling 2007 – revidert budsjett

Inntektsfordeling 2007 - innanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Innsatsstyrt finansiering	712 441	378 184	1 155 370	289 681		2 535 676
ISF pasienter behandla i andre regionar	58 001	11 839	33 127	15 283		118 250
ISF pasienter behandla for andre regionar	-18 738	-2 392	-45 148	-7 317		-73 595
SUM ISF	751 704	387 631	1 143 349	297 646		2 580 330
Inntektsramme Helse Vest RHF					2 204 953	2 204 953
Basis somatikk	667 657	354 088	642 676	270 463		1 934 884
Basis somatikk fordelt etter produksjon	363 394	200 118	628 958	144 835		1 337 305
Kostnadskomponent, somatikk	165 467	90 043	566 354	77 468		899 332
Basis psykiatri	527 966	345 597	640 890	242 733		1 757 186
Gjestepasienter rus	19 290	10 782	26 625	6 983		63 679
Kostnadskomponent, psykiatri	-	-	30 517	-		30 517
Ambulanse	62 955	71 708	158 082	95 393		388 138
Stuktureltilskott	-	25 444	22 760	32 427		80 631
Skjønnstilskudd Helse Førde	-	-	-	20 000		20 000
Tilskudd til landsfunksjonar	-	-	32 621	-		32 621
Internt gjestepasientoppgjør	-38 137	-87 719	185 229	-59 373		0
Fordelt kapitaltilskott	192 495	108 136	312 176	78 727		691 534
Sum fordelt etter modell	2 712 789	1 505 829	4 390 238	1 207 301	2 204 953	12 021 110
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter faktisk kostnad *)	19 631	4 723	-6 011	3 983		22 327
Midlar til dekning av ekstern gj.pas.oppgj. Fordelt etter somatikkmodell	6 567	3 973	9 181	2 606		22 327
Uttrekk fra basis fordelt etter produksjon (interne DRG poeng inn i 2006 * 20 % * DRG pris	-13 438	-14 830	-108 610	-6 992		-143 870
Fordeling av midler til dekning av 20 % kostnad gjestepasientar	32 903	60 765	12 169	38 033		143 870
Reduksjon omfordeling i ramme internt gjestepasientoppgjør	18 643	42 789	-89 789	28 357		-
Endring organisering	-15 300	0	-5 400	1 700		-19 000
Sum fordelt etter modell inkl. ekstern gj.pas.oppgjør - inntektsramme fra Helse Vest til HF	2 761 795	1 603 249	4 201 778	1 274 989	2 204 953	12 046 764

Inntektsfordeling 2007 - Utanfor inntektsmodell	Helse Stavanger	Helse Fonna	Helse Bergen	Helse Førde	Helse Vest RHF	SUM
Tilskudd i basisrammen						-
Poliklinikk overført basisramme		Overført til inntektsmodellen				-
Halvering lab/røntgen satsar	42 677	14 995	76 467	13 538		147 677
Kreftplan	7 383	1 128	9 758	2 679		20 947
Kompensasjon for arbeidsgiveravgift	-	5 614	388	15 298		21 300
Kompensasjon for el-avgift	5 064	5 449	10 951	2 937		24 401
Internt lab/røntgenoppgjør	-4 530	-5 654	14 185	-4 001		-
Rusomsorg	1 381	14 587	15 804	545		32 317
Gjeste plassar rusområde - fordelt i modellen						-
TNF hemmar	21 194	764	74 846	21 575		118 378
Pensjonskostnad - inngår no i resultatkravet	51 482	27 332	85 003	22 324		186 141
Styrking av inntektsramma fordelt etter nøkkel for kapitaltilskot	29 000	18 000	41 000	12 000		100 000
Ekstraløyving (atterhald om stortingets godkjenning)	27 351	16 545	38 251	10 853		93 000
Særskilte tildelinger						
"Mor og Barn" prosjekt	442					442
Øremerket tilskudd						-
Opptappingsplan psykiatri 2004	4 341	2 593	5 140	2 865		14 940
Opptappingsplan psykiatri 2005	11 122	9 523	18 163	9 500		48 308
Opptappingsplan psykiatri 2006	17 854	9 031	23 874	7 785		58 543
Opptappingsplan psykiatri 2007	18 300	10 000	20 000	6 500		54 800
Tilskot til utdanning	11 171	5 590	95 991	4 232		116 984
Kompetansesentre:						
Regionale kompetansesentre	1 827	-	27 413	-		29 240
Nasjonale med. komp. Sentre	1 104	-	26 935	-		28 039
Syketransport	52 933	49 416	100 654	99 874		302 876
Tilstedevakt - beredskap Solabasen	3 846					3 846
Tilskot til arbeid med vald og traumatisk stress	324	181	449	117		1 071
Insulinpumper	2 707	1 596	4 750	863		9 917
Dyrare legemiddel	876	482	1 509	372		3 238
Lassatjern behandlingsheim overf. frå RHF	5 062					5 062
Uttrekk frå Jæren DPS - overført Sola DPS/Helse Stavanger	7 899					7 899
Utanlandsbehandlingar - overf. frå RHF			10 069			10 069
SUM tildelt inntektsramme 2007 frå RHF	3 082 608	1 790 419	4 903 378	1 504 844	2 204 953	13 486 201
Endring av inntektsramma til HF'a som følge av gjesteapsientoppgjør:						
Kostnad eksternt gj.pas.oppgjør	-116 000	-23 678	-66 254	-30 565		-236 497
Fakturering av gjestepasienter andre regioner	37 476	4 784	90 296	14 634		147 190
Inntekt 40 % fakturering til andre HF i regionen (interne DRG poeng inn i 2007 * 20 % * DRG pris)	26 877	29 661	217 221	13 981		287 740
Kostnad 40 % fakturering fra andre HF i regionen	-65 806	-121 530	-24 338	-76 066		(287 740)
Kostnad rus gjestepasienter	-23 625	-3 502	-24 134	-12 417		-63 679
Kostnad kjøp av kurdøgnplassar	-4 874	-2 922	-6 846	-1 966		-16 608
SUM inntektsramme i HF'a	2 936 655	1 673 232	5 089 322	1 412 445	2 204 953	13 316 607